

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I BØMLO BÅTLAG – 10.03.11

1. Konstituering

A. Opning

Det møtte 13 medlemmer, inkludert styret. Leiaren ønske velkommen.

B. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader.

C. Val av møteiar

Terje vart vald til møteiar

D. Val av referent

Kåre vart vald til referent

E. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen

Eivind og Willy vart valde til å underteikna årsmøteprotokollen.

F. Årsmelding

Årsmeldinga for 2010 vart godkjend med følgjande merknad:

- Ein bør ta med varamedlemene til styret i oversikten over styret.

G. Revidert rekneskap

Kristen la fram revidert rekneskap. Resultatet var 119 000 kr i pluss. Etter ei runde med oppklarande spørsmål, vart rekneskapet godkjend utan merknader.

H. Forslag til budsjett 2011

Kristen la fram styret sitt forslag til budsjett for 2011. Dette viser eit driftsresultat på – 109 000 kr

Forslaget vart godkjend utan merknader.

I. Saker fremma av styret

1. Val av havnesjef.

I følgje vedtektene skal denne funksjonen skal leggjast til ein av styremedlemmene. Dette har ikkje vore gjort tidlegare. Årsmøtet skal ikkje velja denne, men pålegg styret å peika denne ut. Likevel valde årsmøtet å støtta styret sitt framlegg om Jon Helge Talmo som Havnesjef.

2. Purregebyr

Forslag: *Størrelse på purregebyr for 2011 skal være 50 kr.*
(Ref. Vedtektene § 6 pkt. 3.)

Forslaget vart samrøystes vedteke

3. Pris for døgnleige

Forslag: *Pris for døgnleige vert justert til kr 150, same opplegg som for gjestehavna.*

Forslaget vart vedteke med 9 mot 3 stemmer.

4. Endring §4.4

Forslag:

Følgjande setning:

Vararepresentantane trer inn med stemmerett i styret dersom styret ikkje er fulltalig.

Erstattast med:

Vararepresentantane trer inn med stemmerett i styret dersom styret ikkje er fulltalig, men har også full møterett og vil bli innkalla til alle styremøte.

Forslaget var samrøystes vedteke

5. Endring §6.1

Forslag:

Følgjande setning:

Kontingent, Hamneleige, straumavgift og liknande skal fastsetjast av det årlege, ordinære årsmøtet etter framlegg frå styret, og skal gjelda inntil nye endringar vert vedtekne.

Erstattast med:

Medlemskontingenten og hamneleiga for medlemmer med båtplass, skal fastsetjast av det årlege, ordinære årsmøtet etter framlegg frå styret, og skal gjelda inntil nye endringar vert vedtekne.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

6. Endring §6.5

Forslag:

Følgjande setningar:

Pris for mellombels leige av båtplass vert utrekna etter eigne satsar som vert fastsett av årsmøtet. Påbegynt månad skal reknast som heil månad. Maksimum leigeperiode er 6 månader.

Vert erstatta med:

*Pris for mellombels leige av båtplass vert utrekna etter eigne satsar som vert fastsett av styret. Påbegynt månad skal reknast som heil månad. **Det skal vera ein gjensidig oppseiingsfrist på ein månad.***

Forslaget vart samrøystes vedteke.

7. Tillegg til §2.4

Forslag:

Årsmøtet er vedtaksført same kor mange medlemmer som møter. Alle avgjerder vert avgjort ved simpelt fleirtal, bortsett frå endringar av vedtektene som krev 2/3 fleirtal. Eit medlem kan forlange skriftleg avstemming dersom det ligg føre meir

enn eitt forslag. **Dersom eit medlem ikkje kan møta på årsmøtet, kan denne gje si stemme skriftleg på saker som skal opp til avstemming.**

Forslaget vart samrøystes vedteke.

8. Forslag frå Bernt Emil Vika:

”Styret i Bømlo Båtlag begynner arbeidet med å skaffa medlemmene tilgang til eit eigna skråplan for mindre båtar.”

Forslaget vart samrøystes vedteke.

9. Forslag om endring § 6

Det var kome inn følgjande forslag:

”§ 6.2 i vedtektene til båtlaget blir fjernet eller revidert”

Før denne saka vart drøfta innleia Terje litt om bakgrunnen til kvifor styret la fram denne saka på eit tidlegare årsmøte.

Etter drøfting, der det kom fram argument både for og mot nedskrivingsregelen, vart framlegget teke opp til avstemming.

Framlegget fekk 5 stemmer, og med det ikkje vedteke.

J. Val av styre

Valnemnda la fram forslag til nytt styre for 2011:

Leiar:	Terje Kallevåg	1 år	Attval	
Nestleiar:	Kjell Idar Lønning	1 år	Ikkje på val	
Skriver:	Kåre Bogetveit	2 år	Attval	
Styremedlem:	Eivind Kallevåg	2 år	Ny	
Styremedlem:	Jon Helge Talmo	1 år	Ikkje på val	(Hamnesjef)
Varamedl.:				
	Tjerand Pettersen	2 år	Ny	
	Einar Vestvik	2 år	Ny	

K. Val av revisor

Revisor:	John Helmer Monsen	1 år	Attval
----------	--------------------	------	--------

L. Val av valnemnd og arrangementskomité

Valnemnd:

Erlend Nilsen	1 år	Attval
Karl Vika	1 år	Attval
Tor Inge Vestvik	2 år	Ny

Arrangementskomité:

Ruth Lillian Lønning	1 år	Ny
Oddbjørg Vika	1 år	Ny
Evy Hovland	2 år	Ny
Torild Barane	2 år	Ny
Katja Dienemann	1 år	Attval

Møtet slutt kl 19.45

For Bømlo Båtlag

Kåre Bogetveit
Referent

Underskrift møteprotokoll:

Willy Lodden

Eivind Kallevåg